

Rettleiing – samtykke til tverrfagleg samarbeid, teieplikt og handlingsrom

Samtykkeerklæring er eit viktig og nyttig verktøy for å kunne jobbe tverrfagleg og gi best mogleg oppfølging. Teieplikt er ikkje til hinder for at opplysningar gjerast kjent for andre når det føreligg samtykke frå den opplysningsane gjeld. For at eit samtykke skal vere gyldig, må det vere **informert, frivillig og skriftleg**. Informasjon som blir gitt når eit samtykke blir henta inn skal vere god nok til at den som samtykker har moglegheit til å gjere eit informert val.

Det betyr at den som gir samtykke på førehand må få informasjon om:

- Kva formålet med samtykke er
- Kvifor instansen/tenesta ønsker samtykke
- Kva ein samtykker til, kva slags opplysningar som skal delast/hentast inn
- Kven opplysningsane skal delast med
- Kven ein vil innhente opplysningar frå
- Kven som skal behandle opplysningane
- At samtykket er frivillig og kan trekkast tilbake
- At samtykket skal vere skriftleg. (Eit munnleg samtykke er også gyldig, men må i så fall dokumenterast ved at referat frå samtalen førast i personen/barnet sin journal/mappe mv.)
- Kor lenge samtykket skal vare
- Det er nødvendige opplysningar for det definerte målet som kan delast, ikkje andre ting. («Need to know vs nice to know»).

Kva gjer vi når ein person ikkje vil gi samtykke?

Hald fram med å skape ein god og trygg relasjon slik at samtykke kan bli gitt i framtida. Det kan vere enklare å starte med eit avgrensa samtykke enn eit som famnar brent. Dersom vedkommande framleis ikkje vil gi samtykke må du journalføre det i eige journalsystem.

Kva informasjon er mogleg å utveksle?

Eit samtykke betyr i praksis at teieplikta er oppheva så langt samtykket rekk. Det er derfor viktig å få avklara kva slags opplysningar du får samtykke til å dele/utveksle, og gi god beskriving av den informasjonen i samtykkeskjemaet. Det skal ikkje delast fleire opplysningar enn det som er nødvendig for å oppnå målet i den enkelte saka. Eit samtykke som er henta inn til eit bestemt føremål skal ikkje nyttast til andre føremål.

Samtykke for barn under 18 år

Hovudregel

Når det gjeld barn under 18 år er hovudregelen at det er føresette til barnet som skal samtykke til deling av teiepliktig informasjon, jf. barnelova § 30. Det finnes fleire unntak frå hovudregelen, nokre av dei er beskrive under «unntak frå hovudregel».

Ein mindreårig (under 18 år) kan berre foreta rettslege handlingar dersom det er særleg bestemt i lovgivinga. Det betyr at den mindreårlige som utgangspunkt ikkje kan frita eit kommunalt organ for teieplikta.

Har føresette felles foreldreansvar er utgangspunktet at begge skal samtykke. Kven som har foreldreansvar skal kome fram i folkeregisteret. Dersom det er problematisk å få skriftleg signatur frå den eine føresette, er det tilstrekkeleg å få munnleg godkjenning eller signatur på e-post frå vedkomande. Den tilsette må dokumentere dette i signaturfeltet til den føresette som ikkje fysisk skiv under skjemaet.

Unntak frå hovudregel

Saker om helsehjelp

Over 16 år

Den «helserettslege myndighetsalder» i Norge er 16 år. Det betyr at barn/ungdom over 16 år som hovudregel sjølv har rett til å samtykke til helsehjelp. Det betyr også at dei sjølv kan samtykke til at teieplikta i saker om helsehjelp fell vekk og at informasjon kan delast.

Samtykket kan for eksempel gjelde til å utarbeide individuell plan og oppnemning av koordinator.

Under 16 år

For barn mellom 12 og 16 år skal føresette med foreldreansvar avgjere om teieplikta fell vekk. Barnet skal få anledning til å uttale seg. Når barnet er fylt 12 år, skal det leggast stor vekt på barnet kva barnet meiner. For barn under 12 år er det føresette alene som avgjør om opplysningar skal kunne delast til andre. Barnet skal få anledning til å uttale seg.

Begge føresette

Hovudregelen er at begge føresette skal samtykke til helsehjelp til barn under 16 år så lenge føresette har del i foreldreansvaret. Sjølv om den eine føresette ikkje bur sammen med barnet vil den ofte ha del i foreldreansvaret. Føresette som har felles foreldreansvar, må som hovudregel vere einige for at samtykket skal vere gyldig. Føresett som ikkje har foreldreansvar har som hovudregel ikkje mynde til å samtykke på vegne av barnet.

Ein av dei føresette

Det er tilstrekkeleg at éin av dei føresette gir samtykke til helsehjelp som reknast som del av den daglege og ordinære omsorga for barnet. Slike avgjersler reknast ikkje som større avgjersler i barnet sitt liv som begge føresette må samtykke til når dei har felles foreldreansvar.

Med helsehjelp som er ledd i den daglege og ordinære omsorga for barnet reknast for eksempel behandling av øyreverk, halsbetennelse, influensa, skrubbsår og så videre.

Det kan oppstå situasjoner der føresette er ueinige i om barnet skal få helsehjelp. Det kan også oppstå situasjoner der det ikkje er mogleg å få avklart begge føresette sine synspunkt, for eksempel fordi den eine føresette ikkje er mogleg å få tak i. I desse situasjonane kan den eine føresatte med foreldreansvar alene gi samtykke til helsehjelp, under føresetnad av at kvalifisert helsepersonell vurderer helsehjelpa nødvendig for at barnet ikkje skal ta skade, jf. [pasient- og brukarrettighetslova § 4-4 \(3\)](#). Det vil som oftast vere den legen, psykologen eller tannlegen som er ansvarleg for helsehjelpa som bør føreta desse helsefaglege vurderingane.

Kva som vil kunne vere skadeleg for barnet må vurderast konkret og vil til dels avhenge av helsefagleg skjønn. Både skader av somatisk og psykisk art er omfatta. Skadeomgrepet vil derfor også omfatte tilfelle der det er viktig at barn får snakke med psykolog eller får eit behandlingstilbod ved Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP).

Unntaksreglane nemnt ovanfor må tolkast slik at den eine føresette sin rett til å bestemme helsehjelp også gir rett til å samtykke til deling av teiepliktig informasjon med andre instansar når dette er nødvendig for å gi helsehjelpa.

Barnevernssaker

For barnevernssaker kan barn som har fylt 15 år og forstår kva saka gjeld, opptre som part og kan gjere partsrettar gjeldande, jf. [barnevernloven § 12-3](#). Der det er spørsmål om å dele teiepliktige opplysningar om eit barn, krevst det som hovudregel samtykke frå den eller dei som har foreldreansvaret. Når barnet har fylt 15 år og har sjølvstendige partsrettar er det i tillegg krav om eige samtykke frå barnet.

Har barnevernstenesta overtatt omsorga for eit barn under 16 år har barnevernstenesta rett til å samtykke til helsehjelp og deling av informasjon.

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

PP-tenesta er ei lovpålagt og frivillig teneste. Føresette må samtykke til at barnet tilvisast til PPT for utredning.

Når ein person er blitt 15 år eller eldre, krevst eige samtykke frå vedkomande. Udir presiserer at ein ikkje er avhengig av føresette sitt samtykke når barnet er fylt 15 år. Føresette kan tilvise til PPT på eigenhand, men som regel vert tilvisinga utarbeida av barnehage eller skule i samråd med føresette, og føresette samtykker i at tilvisinga blir sendt.

Føresette som barnet bur hos kan samtykke til at det settast i gang sakkyndig utredning etter [opplæringslova § 5-4](#). Medan begge med foreldreansvar må samtykke til vedtak om å sette i

gang spesialundervisning eller spesialpedagogisk hjelp, uavhengig av om barnet bur hos begge føresette eller om barnet berre bur fast hos den eine.

Barn sin rett til å medverke

Etterkvart som barnet blir i stand til å danne seg sine eigne synspunkt om det saka handlar om, skal føresette høyre kva barnet har å seie før dei tek avgjersler om personlege forhold for barnet. Dei skal legge vekt på det barnet meier alt etter kor gammalt og modent det er. Det same gjeld for andre som barnet bur hos eller som har med barnet å gjere.

Eit barn som er fylt sju år, og yngre barn som er i stand til å danne seg eigne synspunkt, skal få informasjon og høve til å seie meninga si før det blir tatt avgjersler om personlege forhold for barnet. Meninga til barnet skal bli vektlagt etter alder og modning. Når barnet er fylt 12 år skal det leggast stor vekt på kva barnet meiner, jf. [barnelova § 31](#).

Kor lenge varer eit samtykke?

Det er ikkje regulert i lov kor lenge eit samtykke varer. Vi anbefaler å sette eit tidspunkt på minst 1 år.

Dersom eit samtykke trekkast tilbake, er det viktig å informere dei involverte. Du må journalføre at samtykke trekkast tilbake i eige saksbehandlingssystem.

Når samtykkeerklæring er innhenta

Korleis gi informasjon om at samtykke er innhenta frå personen/føresette:

For å unngå at samtykke hentast inn av fleire ulike samarbeidsinstansar anbefaler vi at kopi av signert samtykkeskjema sendast til dei aktuelle instansane straks det er innhenta.

Ved første samtale med ein annan instans, må det informerast om at samtykkeskjema er underteikna og arkivert.

Korleis lagrar vi samtykkeerklæringa?

Samtykkeerklæringa skal arkiverast i det saksbehandlingssystemet som nyttast i di teneste. Websak kan også vere eit alternativ.

Dei tenestene/instansane som er involvert kan be om å få kopi av samtykkeskjemaet tilsendt.

Kva skal referatførast i tverrfaglege møte?

Dei opplysningsane det er samtykka til kan delast i tverrfaglege møte. Det er viktig at referatet ikkje inneholder opplysningar som ikkje omhandlar personen saka gjeld. For eksempel: Ver forsiktig med omtale av andre familiemedlemmar.

Anonym drøfting

Som hovudregel skal offentlege tilsette innhente eit informert samtykke frå den vi hjelper, til å ta kontakt med andre delar av hjelpeapparatet. Om dette ikkje er mogleg, er teieplikta ikkje til hinder for at tenesteapparatet kan drøfte ei sak anonymt (ingen opplysningar som er eigna til å identifisere konkret sak eller person).

Unntak frå teieplikta: Forvaltningslova §13

- Dele nødvendige opplysningar med kollegaer innan same forvaltningsorgan
Fvl § 13 b nr 3.
Sjå også Helsepersonellova § 25 om opplysningar til samarbeidande personell for nødvendig forsvarleg helsehjelp.
- Opplysningar om lovbrot til politiet
Fvl 13 b nr 6
Opplysningar til anna forvaltningsorgan som er nødvendig for at organet skal få gjort jobben sin (f.eks. barneverntenesta gir opplysningar til barnehage/ skule for at barneverntenesta skal få gjort jobben sin bvl § 6-7 3. ledd).
- Forvaltningsorganet deler opplysningar med andre så langt det er nødvendig for å unngå fare for liv eller helse.
Fvl § 13 b nr 7

Sjå helsepersonellova § 23: Alle unntak frå teieplikta for helsepersonell er samla her.

Meldeplikt til barnevernet

Tieiplikta skal ikkje vere til hinder for å melde frå til politi og/eller barnevern når det er mistanke om at et barn utsettast for vald/sekuelle overgrep, og/eller lev i vald. Meldeplikta går føre teieplikta.

Opplysningsplikta til barnevernstenesta er todelt. Du har en sjølvstendig plikt til å gi opplysningar til barneverntenesta når det er grunn til å tru at barn:

- blir mishandla
- blir utsett for overgrep, alvorleg omsorgssvikt, kjønnslemlesting
- viser vedvarande alvorlege åtferdsvanskar

Du har også en plikt til å svare når barnevernstenesta ber om opplysningar.

Meldeplikta står i barnevernloven § 6-4, helsepersonellova § 33, barnehagelova § 22 og opplæringslova § 15-3.

Sjå elles handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Den ligg på Herøy kommune si heimeside:



Handlingsplan mot
vald.cleaned.pdf

Avverjingsplikt

Avverjingsplikta er ei plikt heimla i straffelova §196, om å avverje ei straffbar handling ved å melde frå til politiet, eller på annan måte søke å avverje ein straffbar handling.

Avverjingsplikta gjeld når det vurderast som sikkert eller mest sannsynleg at ein straffbar handling er eller vil bli begått. Avverjingsplikta opphevar teieplikta.

Plikta gjeld blant anna i situasjonar der det kan skje mishandling i nære relasjonar, valdtekts, seksuelle overgrep mot barn eller drap. I tillegg har visse yrkesgrupper plikt til å søke å avverje kjønnslemlesting etter straffelova paragraf 284, tredje ledd. Dette gjeld blant anna barnehagar, barneverntenesta, sosialtenesta, helse- og omsorgstenestene, skuler og skulefritidsordningar.

Dersom den straffbare handlinga allereie er utført, har du avverjingsplikt berre når du vurderer det som sikkert eller mest sannsynleg at handlinga vil gjenta seg. Du har også plikt til å avverje dersom du ved å varsle kan forhindre følger av handlinga, som at ein skade kan forverre seg. Er du fagperson og har ein leiar som ikkje delar di oppfatning av at eit alvorleg lovbrotilskade vil skje, har du framleis plikt til å søke å avverje dersom du sjølv meiner det mest sannsynleg vil skje.

Les meir her: www.plikt.no